

BERGEN, 19.9.1983
OM/TBRMELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
*****J. 118/83.
(Jfr. J.75/83)FØRESEGN OM ENDRING I FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAPAR
ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 12. september 1983 bestemt:

I Fiskeridepartementets føresegner av 31. mai 1983 om regulering av fisket med notreiskapar etter sild i Trondheimsfjorden i 1983, vert det gjort følgjande endring:

§ 1 første ledd skal lyde:

I et område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frøset-skjær lykt og Rødberg lykt kan ein fiske 8000 hl med snurpenot og 2000 hl med landnot til menneskemat.

II

Denne føresegn tek til å gjelde straks.

Etter denne endring har føresegnene følgjane ordlyd:

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAPAR ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 31. mai 1983 og i seinare endringar fastsett følgjande føresegner:

§ 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frøset-skjær lykt og Røberg lykt kan ein fiske 8.000 hl sild med snurpenot og 2.000 hl med landnot til menneskemat.

Fiskeridirektøren fastset opningsdato for fisket, og kan stanse det når dei kvanta som er nemnde i første ledd er pårekna oppfiska.

§ 2

Høgste lovlege fangstkvantum for snurpenotbruk er 200 hl og 100 hl for landnotbruk.

§ 3

Ingen kan delta i fisket utan å vera melde på til Feitsildfiskernes Salgslag, Trondheim.

Farty som vert nytta må vera fiskerimerka, utstyrt med høveleg bruk for slikt fiske og mindre enn 90 fot største lengde.

Hovedsmannen for bruket må stå på blad B i fiskarmanntalet og eiga fartyet.

Ingen kan melda på fleire enn eit farty.

Fiskeridirektøren kan etter søknad dispensere frå kravet om eigartilhøva i tredje stykke.

§ 4

Det er forbode å låssetja, ta opp eller føre i land sild under 23 cm.

Utan hinder av første ledd kan fangstar ha inntil 20 prosent i vekt av sild under 23 cm.

§ 5

Fiskeridirektøren kan gje føresegner til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse føresegnene, med dette også reglar om låssetjing, prøvetaking og kontroll av fangstane.

Av omsyn til bestanden kan Fiskeridirektøren sperra for fisket etter sild i avgrensa delar av området nemnt i § 1.

Etter søknad frå Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gje løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

§ 6

Forsettlege eller aktlause brot på desse føresegnene vert straffa med bøter.

§ 7

Desse føresegnene tar til å gjelde straks.
